



AKKS Bergen

Dato: 26.11.2015
Vår ref.: 2015/8267-23
Saksbehandlar: astrydl
Dykkar ref.:

Underretning om tildeling av tilskot til særlege tiltak for barn og unge hausten 2015

Innleiing

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot til aktivitetstiltak for barn og unge.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 11. november d.å. vedteke å tildele dykk 12.000 kroner til UFLAKKS vår 2016.

Grunngjeving

Ved søknadsfrist 1. oktober i år var det komne inn 18 søknader til vurdering i denne ordninga. Samla søknadssum var 436 843 kroner.

Summen å fordela er 516 000 kroner for dette året. Ved vårtildelinga vart det innstilt på løyvingar på til saman 278 000 kroner og det stod såleis att 238 000 kroner til hausttildelinga.

For saksframlegg og vedtak, sjå Utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt [vedtak](#) i sak 178/15.

For nærare grunngjeving: [Grunngjeving](#).

Utbetaling

Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015.

Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

Tilskotsmottakarar utan organisasjonsnummer samt enkeltmannsføretak slepp krav om elektronisk faktura, og utbetaling blir som tidlegare.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis). Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.
- *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>
- *Link til brukarretteiing*
<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2015/8267-23
Ressursnummer: 400006
Beløp: kr 12.000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer.

Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Vilkår for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnadar:

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Det er ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje. Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskottsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

Rapportering /sluttrekneskap

Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i planane for tiltaket. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Sluttrapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga, seinast 6 veker frå tiltaket er gjennomført. Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av : Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort. Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving, eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving

Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga, jfr. pkt. 4 og 7. At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna.

Tilskotsmottakar pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

Brot på vilkåra

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom det ligg føre

vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B. Skaar
utviklingssjef/seksjonsleiar

Sakshandsamar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.